



LINDÅS KOMMUNE

Stabsavdelinga
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Postmottak@kud.dep.no

Dykkar ref. **Sakshandsamar:**
Inger- Marie
Nordland

Vår ref. **Telefon**
2013/1829 - 0 -
12313/2013 56 37 51 63

Arkivkode: **Dato:**
C00 22.05.2013

Melding om vedtak

Høring av NOU 2013:4 Kulturutgreiing

Vedlagt fylgjer saksutgreiing med uttale.

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.

Med helsing

Inger- Marie Nordland
administrasjonssekretær





Arkiv: C00
Saksmappe: 2013/1829
Sakshandsamar: Eileen M. Feste
Dato: 08.05.2013

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
58/13	Levekårsutvalet	21.05.2013

Høyring av NOU 2013:4 Kulturutgreiing

Saka skal avgjerast endeleg i Levekårsutvalet

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune sluttar seg til Enger utvalets forslag om å styrkje det lokale kulturliv gjennom LOKALT KULTURLØFT. Bibliotek, kulturskule, fritidsklubbar og kulturminnevern- og samlingar er viktige kulturaktørar i kommunane og bidrar til å styrkje det lokale kulturliv.

Det må leggjast til rette for eit mangfald av kunst og kunstuttrykk, og for at heile befolkninga skal kunne ta del i kunst- og kulturlivet. Dei nasjonale måla for kulturpolitikken bør være: - demokrati - rettferd – mangfald.

Lovgrunnlaget for kulturpolitikken må styrkjast og vere eit verktøy for offentleg myndigheit for utøving av kulturpolitikk.

I framtida bør det vere ei prioritert oppgåve å utvikle ei meir organisert dialog mellom statlege, fylkeskommunale og kommunale instansar med omsyn til mål, ansvarsforhold og oppgåvefordeling i kulturpolitikken.

Handsaming i Levekårsutvalet - 21.05.2013

Kulturkonsulent Eileen Feste orienterte i saka.

Fellesframlegg:

Som rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg etter første avsnitt: Dette gjeld og det frivillige kulturarbeidet som er ein av berebjelkane på kulturfronten i landet vårt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttale i Levekårsutvalet - 21.05.2013

Lindås kommune sluttar seg til Enger utvalets forslag om å styrkje det lokale kulturliv gjennom LOKALT KULTURLØFT. Bibliotek, kulturskule, fritidsklubbar og kulturminnevern- og samlingar er viktige kulturaktørar i kommunane og bidrar til å styrkje det lokale kulturliv.

Dette gjeld og det frivillige kulturarbeidet som er ein av berebjelkane på kulturfronten i landet vårt.

Det må leggjast til rette for eit mangfald av kunst og kunstuttrykk, og for at heile befolkninga skal kunne ta del i kunst- og kulturlivet. Dei nasjonale måla for kulturpolitikken bør være: - demokrati - rettferd – mangfald.

Lovgrunnlaget for kulturpolitikken må styrkjast og vere eit verktøy for offentleg myndigheit for utøving av kulturpolitikk.

I framtida bør det vere ei prioritert oppgåve å utvikle ei meir organisert dialog mellom statlege, fylkeskommunale og kommunale instansar med omsyn til mål, ansvarsforhold og oppgåvefordeling i kulturpolitikken.

Saksutgreiing:

Saksdokument ikkje vedlagt:
NOU 2013:4 Kulturutgreiing 2+14

Enger utvalet la fram si utgreiing 04. mars 2013 om kulturpolitikken frå 2005 då den første KULTURLØFTET vart lagt fram, og fram til i dag. Utvalet har også sett på utviklingstrekk framover, og har fokusert på eit lokalt kulturløft. Denne må sette kunstproduksjon og publikum i sentrum, den må satse på kunnskap og kvalitet, den må fremje kulturelt medlemskap, og den må legge til rette for ei bærekraftig kunstnarpolitikk og den må stimulera til ei utviding av kulturlivets finansieringsgrunnlag.

Kulturdepartementet har set høringsfrist til 01.07.2013.

Kulturløftet I og II har i stor grad teke for seg den kulturelle infrastruktur. Dei statlege kulturbudsjett har i perioden 2005 til 2009 auka frå 5 milliardar til 9,5 milliardar. Ei lang rekkje Stortingsmeldingar om ulike delsektorar i innan kulturfeltet, har sidan 2005, vore lagt fram. Før Kulturløftet vart lagt fram i 2005, var det brei forståing av at kulturfeltet hadde vore underbudsjettet. Mellom anna har Den Norske Opera og Ballet som vart opna i Bjørvika i 2008, fått betydeleg auke i sine budsjett.

Vurdering:

"Tid for eit lokalt kulturløft" - nasjonale mål for kulturpolitikken

Det må leggast til rette for eit mangfald av kunstnarar og kunstuttrykk, og for at heile befolkninga skal kunne ta del i kunst- og kulturlivet. Dei nasjonale måla for kulturpolitikken bør være: - demokrati - rettferd – mangfald.

Ytringskultur som kulturpolitikken sin ansvarsområde

Det kulturpolitiske ansvarsområdet bør avgrensas i tråd med begrepet om "ytringskultur", det vil seie verksemdar som har eit ekspressivt hovudformål. - Begrepet om ytringskultur omfattar både profesjonell, den frivillige og amatørbasert kulturverksemd. Den kulturelle grunnmuren må styrkes. Utvalet ønskjer ei kulturskule for alle, satsing på opne bibliotek som viktig kulturarena og møteplass der folk bur, samt blomstrandende kulturaktivitet og frivillig innsats blant anna i korps og kor, noko som forutsett større merksemd og meir pengar også frå statleg hald. Utvalet meiner det kan være behov for å vurdere øyremerking av midlar til eit lokalt kulturløft i kommunane i ei tidsavgrensa periode. Desse midlane bør særleg rettast inn mot tiltak som: - folkebiblioteka - kulturskulane. - innføring av ee dirigentlønnsordning. - øvings- og framføringslokalar i det frivillige kulturlivet.

"Frå kulturell infrastruktur til kulturelt innhald og kunstnarisk kvalitet"

Trykket i kulturpolitikken må ligge på kunstproduksjon, kvalitet og publikum. Dette kan oppnåas gjennom meir fleksibel drift av kulturinstitusjonar gjennom overenskomster, om

arbeidstid og frikjøp av opphavsrettigheter. Kulturinstitusjonane må i større grad stimulere den skapande kunstnariske verksemd, auka samarbeid mellom kulturinstitusjonar og frie grupper. Ei omlegging av eigarstyringa av kulturinstitusjonane. Ei auke i andelen av statlege kulturmidlane som avsettes til Norsk kulturfond.

Kulturpolitikens sektoransvar

Utvalet meiner det bør gjerast fleire organisatoriske endringar: - Ansvar for kulturskulene bør overføres frå Kunnskapsdepartementet til Kulturdepartementet. – Kyrkjeavdelinga i Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet bør overføres til Kulturdepartementet. Det bør vurderast om ansvaret for dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane skal flyttast frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet til Kulturdepartementet. Det bør vurderast om ansvaret for fritidsklubbene skal flyttes frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet til Kulturdepartementet. Det bør vurderast om ansvaret for kulturminnevernet bør flyttes frå Miljøverndepartementet til Kulturdepartementet.

Kulturpolitikens lovgrunnlag

Utvalet meiner det er nødvendig å styrke lovgrunnlaget for kulturpolitikken, og foreslår:

- at kulturloven utstyres med bestemmelsar som gjer den til eit aktivt verktøy og som gjev kommunar og fylkeskommunar ansvar for å utvikle planstrategiar på kulturområdet.
- at kultur tas inn i Plan- og bygningsloven på linje med folkehelse.
- som en konsekvens av at ansvaret for kulturskulen flyttes til Kulturdepartementet, at opplæringsloven endrast, og at kulturloven utstyres med bestemmelser tilsvarende §13-6 i opplæringsloven.
- at vaksenopplæringsloven §7 supplerast med ein bestemmelse om kommunalt ansvar for behovsprøvd lager.

En bærekraftig kunstnerpolitikk

Utvalet meiner at kunstnaranes levekår må møtes med ei todelt strategi kor man hever kvalitetskrava i forhold til dei eksisterande stipend- og prosjektstøtteordningane, slik at det vert gjeve meir til færre. Samtidig med at man styrkar verkemiddelbruken som bidrar til at fleire kunstnarar kan leve av kommersielle inntekt.

Kulturelt medlemskap

Utfordringen med å skape eit inkluderande kulturliv som gjenspeiler det kulturelle mangfaldet i samfunnet er avgjørande for kulturpolitikens legitimitet. Todelt strategi: - bygge opp kulturinstitusjonar og -arena for minoritetane, samstundes som ein søker å gjere dei store kulturinstitusjonane meir inkluderande.

Kultur for kulturens skuld.

Når folk les ein roman, går på ein konsert eller besøker eit museum, så gjer dei som regel ikkje dette ut frå eit ønskje om å verte *gode samfunnsborgarar*, bidra til integrering eller å styrke den sosiale kapitalen, dei gjer det fordi dei ønskjer ei estetisk erfaring, å bli opplyst eller å bli underholdt. - Samfunnsverknaden av kulturverksemda er sideverknaden av denne ekspressive interessa. Dette gjeld også ungdom!

Ikkje "instrumentelle" kulturtiltak Fritidsklubber - Kulturhus for ungdom"

Ungdom har rett på eit sjølvstendig kulturliv. Dei fleste av dei kulturelle arenaene vi har i Norge er tilrettelagt av vaksne, for vaksne. Det er ingen som argumenterer for at desse skal ha ei sosialpolitisk funksjon, at for eksempel

"det nye operabygget er viktig for å førebygge rus og kriminalitet blant vaksne."

Det er urimeleg at ofor barn og unge ofte må ha eit sosial- eller helsepolitisk førebyggingsmotiv for å kunne oppnå finansiering, når det heller burde vært basert på dette publikummets ønskje om kulturopplevingar av høg kvalitet.

Forskjellar mellom fritidsklubb og kulturskole

Fritidsklubbane er i større grad ei arena for nye populærkulturelle uttrykksformer. - Fritidssklubbane framstår som meir opne, og er i større grad tufta på eigeaktivitet og ungdomsmedverknad.

Film

Utvalets inntrykk er at det føregår eit langsiktig og godt arbeid i det norske filmmiljøet, og at filmkulturen i Norge er styrka. Digitaliseringa av kinoen har ført til auka kvalitet på norsk kino. De politiske måla om ein "filmkultur for alle" og "solid publikumsoppslutnad er langt på vei oppnådd. Smalare filmuttrykk er i mindre grad ivaretekne. Til tross for ei auke i satsing på regional film, viser evalueringsrapporten "For en neve dollar meir" at det ikkje har skjedd "markerte forskyvingar av tyngdepunkta i filmnæringa." Utvalet ser at det tar tid å utvikle bærekraftige og stabile produksjonsmiljø utanfor Oslo. Dette bør være en prioritert oppgåve innanfor filmpolitikken i åra som kommer.

Utvalet meiner det er viktig å stimulere til ei fortsatt vekst i den kommersielle kulturproduksjonen. Ei sentral antakelse er at kunst- og kulturproduksjon saman med kulturbaserte næringar som reiseliv representerer eit stort verdiskapingspotensial i framtida. Utvalet meiner fleire kunstnarar kunne levd av kommersielle inntekt og at kunstfeltet for lenge har vore prega av ei orientering mot offentlige midlar. For å møte den auka etterspurnaden etter kunst og kulturprodukt og for å betre levekåra for kunstnarar og kulturutøvarar må fleire kunstnarar kunne fungere kommersielt. Utvalet meiner det offentlige må ta eit tydeleg og samordna ansvar for å dyktiggjere kunstnarar og kulturutøvarar i forretningsutvikling.

Styrk den lokale kommersielle kulturproduksjonen - Demokrati og rettferdighet.

Kulturpolitikken kan bidra til oppfyllinga av grunnleggande verdiar i vårt samfunn. - Deltaking i kulturverksemd gjev danning- og siviliseringseffektar, bidrar til yttringsfridom, bidrar til politisk meiningsdannelse. Likevel framstår ikkje demokratisynet i dag som noen tydeleg overordna grunngeving for den offentlege støtta til kulturlivet i Norge. Etter utvalets syn bør den gjere det. Å kunne delta i kulturaktivitar er viktig for den enkeltes utvikling som menneske og fullverdig samfunnsdeltaking. Å styrke mangfaldet i kulturlivet inneberer derfor ei styrking av demokratiet. På same måte som i den demokratiske offentligeita må kulturlivet ha rom for eit mangfald av stemmer og utsegn. Ei mangfaldig kulturoffentlighet vil både reflektere yttringsfridomen i samfunnet og bidra til å styrkje den. I eit demokratiperspektiv vil eit mangfaldig kulturliv bidra til å motvirke fragmentering gjennom utviklinga av arenaer kor befolkninga får delte erfaringar og referansar. Med mangfald sikter vi då ikkje berre til ei situasjon kor ulike grupper i samfunnet har høve til å utvikle sine kulturar uavhengig av kvarandre, men til ei situasjon kor det enkelte samfunnsmedlem også konfronterast med en rik variasjon av ytringar og uttrykksformer. Utdringa med å skape eit inkluderande kulturliv som gjenspeigler det kulturelle mangfaldet i samfunnet, er avgjørande for kulturpolitikken legitimitet. Å styrke mangfaldet i kulturlivet inneberer difor ei styrking av demokratiet.

Mangfold Bibliotek - litteratur

Litteraturen er ei av kunstforma som er best utvikla i Norge med omsyn til breidde i tilbod og kvalitet. Ei rekke norske forfattarar har gjort seg bumerket internasjonalt dei siste åra. Formidlingsaktiviteten på litteraturfeltet ser ut til å ha tiltatt dei siste åra. Den kulturelle skulesekken, litteratur festivalane og folkebiblioteka framhevast av bransjeorganisasjonane som viktige formidlingsaktørar på litteraturområdet. Folkebiblioteka framhevast av fleire som dei mest naturlige samarbeidspartnarane for forfattarformidling. Folkebiblioteka har lite midlar å sette av til denne typen arbeid. Utvalet sluttar seg til kravet frå aktørar i bokbransjen om at meirverdiavgifta på e-bøker bør opphevast. - Utvalet støtter regjeringas beslutning om å setje i gong arbeidet med ei ny boklov. Dette gjør dee ut frå ei forståing av at fastpris på bøker er eit viktig element som over tid har bidratt til at litteraturpolitikken har vore velfungerande. På tross av politiske intensjonserklæringar om viktigheita av å utvikle folkebiblioteka, er dette ein sektor i kulturpolitikken som over tid har vore nedprioritert. Dette har fortsatt i tida etter 2005. Gitt denne situasjonen, er det paradoksalt at stadig fleire kommunar ser ut til å ha planer om å etablere litteraturhus i tillegg til snarare enn som ei utvikling av folkebiblioteka.

Styrking av det nasjonale sekretariatet for Den kulturelle skulesekk (DKS)

Dette bør skje i eit tett samarbeid med andre landsomfattande aktørar som har virksemnd retta mot kultur for barn og unge, sjølv om det ikkje nødvendigvis skjer ei fysisk samlokalisering. Sekretariatets hovudrolle er å leggje til rette for nettverk og arenaer kor fylkeskommunar/kommunar kan utveksle erfaringar om ordninga. Utvalet har drøfta tre mulige modeller: 1) Ei styrking av det eksisterande sekretariatet for DKS i Norsk Kulturråd. 2) Eit utvida sekretariat for DKS samlokalisert med andre aktørar som arbeider med kunst og kultur for barn og unge. Mest nærliggande er en tettare tilknytning til UKM Norge og Norsk Kulturskuleråd, som begge er samlokalisert i Trondheim Modellen gjev nærhet til brei fagkompetanse innan kultur for barn og unge. Det må finnast ei organisatorisk løysing som tek vare på aktørane eigenart, samstundes som den på best mogeleg måte bidrar til at ordningane kan forsterke og utfylle kvarandre (på nasjonalt nivå). Ei slik samlokalisering vil gje eit betydeleg løft for og synleggjere kultursatsinga for barn og unge og bidra til å styrke fagkompetansen på feltet 3) Sekretariatet for DKS leggjast til Rikskonsertane. Utvalet anbefaler ikkje denne modellen.

Forvaltning Stat - fylkeskommune- kommune

Kulturdepartementet og Norsk kulturråd har fått ei meir synleg rolle som utviklingsaktørar i det regionale og lokale kulturlivet i tida etter 2005. Det har blitt fleire regionale kulturinstitusjonar og dei statleg støtta institusjonane har auka. Støtta til festivalar og kulturhendingar, heilårs konsertarrangørar og ulike typar kunst- og kulturprosjekt har auka. Samstundes opplever enkelte kommunar og særlig fylkeskommunane, at dei vert sett tilside i desse prosessane og gjort til passive bidragsytarar i ei utvikling i kulturlivet som tek form i direkte relasjonar mellom kulturlivsaktørar og statlege instansar. I den forstand kan det auka statlege engasjementet seiast å innebere ei politisk sentralisering. Spenningane ser dels ut til å dreie seg om ei mangelfull kommunikasjon og dialog mellom statlege og regionale og lokale myndigheiter. Dels dreier spenningane seg om at det ligg divergerande kulturpolitiske mål og ideologiar til grunn for fylkeskommunane og statlege instansars opptreden som utviklingsaktørar i kulturlivet. For dei statlege instansane dreier denne rolla seg om å fremje kunstnarisk og kulturfagleg nyskaping og kvalitetsutvikling. Fylkeskommunane legg snarare ei regionalpolitisk tenking til grunn for utviklingsaktørrolla som framhevar kulturens antatt ringverknader på områder som folkehelse, næringsutvikling og bulyst. Forskjellane i tenkjemåtar gjer det vanskeleg å etablere eit fellesskap mellom statlege og regionale og lokale myndigheiter innanfor kultursektoren. I årene som kommar, bør det være ei prioritert

oppgåve å utvikle ei meir organisert dialog mellom desse instansane med omsyn til mål, ansvarsforhold og oppgåvefordeling i kulturpolitikken.

Kulturskulen

Kommunenenes driftsutgifter til kulturskulene har auka etter årtusenskiftet, men denne utgiftsaukinga har flata ut etter 2005. Dei politiske forventningane til kulturskulene er omfattande. Det er eit mål at alle barn som ønskjer det, skal ha eit tilbod om kulturskole. Kulturskulene forventes også å være eit ressurscenter for det lokale kulturlivet. Elevtalet ved kulturskulene har auka noko dei seinaste åra, men veksten i anfall barn som står på venteliste, er større. Forsking synar at kulturskulene vert prega av sosial ulikskap, blant anna ved at barn av foreldre med høg utdanning er overrepresenterte blant elevane. Sjølv om det har blitt løyvd statlege prosjektmidlar til kulturskulane dei seinaste åra, er skulane i dag langt unna å ha kapasitet til å oppfylle forventningane som stilles til dei. Dersom kulturskulane skal utviklast til å vert eit tilbod for alle barn og til å fungere som resurscenter i det lokale kulturlivet, vil det krevje ei opptrapping av ressursbruken til dette føremål i åra som kommar. Utvalet meiner det er nødvendig med ei styrking av den statlege innsatsen på dette området. Etter utvalets oppfatning er det nødvendig å avklare om kulturskulane skal utviklast som sjølvstendige kulturinstitusjonar, eller om dei skal integrerast i skuleverket. I forlenging av dette meiner utvalet det også er nødvendig å avklare kva for sektortilknytning som er den mest hensiktsmessige for kulturskulane. Utvalet meiner det er viktig at spørsmålet om korleis ein kan styrke kulturskulen, må sees i samanheng med situasjonen til dei estetiske faga i skulen. I samband med dette meiner utvalet det er avgjørande at kulturskulane ikkje vert ei erstatning for dei estetiske faga i grunnskulen. På noen områder, for eksempel seniorkultur bør kulturtilbod leggast tilrette. På helse og velferdscenter bør kulturen sees i eit helseperspektiv og omvent. "Vi synes at kulturutgreiinga ikkje burde ha nedtona betydningen av helseførebyggjande kulturtiltak, då nokon institusjonar ikkje er moden for å lausrive seg frå en slik tankegang." (Fagansvarlig Kultur og helse/seniorkultur, Trondheim kommune). Trondheim, som har jobba med utgangspunkt i St. meld. nr 48 "Kulturpolitikk frem mot 2014" - fremma i 2003, og kulturloven som også peiker på tilrettelegging på kulturinstitusjonar og at de skal dra ut i nærmiljøet. Vi har komma langt i Trondheim, men mykje gjenstår. På statleg nivå tilhøyrrer Den kulturelle skolesekken og Den kulturelle spaserstokken Kulturdepartementets ansvarsområde. Utvalet meiner det er av særlig stor viktighet at desse ordningane vert prioritert og byggast ut i åra som kommer.